

# VALPROGRAM KOMMUNEVALET 2015

## MILJØPARTIET DEI GRØNE MASFJORDEN 2015-2019

# miljøpartiet de grønne

*«Miljøpartiet Dei Grøne sitt mål er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal underordnast sunne økologiske prinsipp, og fremja fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn baserte på lokale ressursar er ein føresetnad for å nå målet. Vi tek mål av oss til å utforma ein heilskapleg politikk for notid og framtid, basert på tre grunnleggjande solidaritetsprinsipp: solidaritet med andre menneske, solidaritet med framtidige generasjonar, og solidaritet med dyr og natur.»  
(Frå prinsippprogrammet)*

**TENK NYTT – STEM GRØNT**

# EIT GRØNARE MASFJORDEN

Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden set samspelet mellom menneske, natur og biologisk mangfald i sentrum for politikken. Vi bur i lokalsamfunn, og desse er ryggraden som gjev tryggleik, identitet og tilhøyrse. Vi vil ha ei bygd som bevarer landbruk og grønne område, som tek vare på og utviklar lokalsamfunnet og det lokale næringslivet. Vi vil ha ei klimasmart bygd der det er godt å bu, med god livskvalitet, samkjensle, møteplassar og arbeidsplassar.

Miljøpartiet Dei Grøne stiller til val i Masfjorden for første gong. Det vert spanande for oss, og det gjev deg moglegheit til å stemme på eit parti som set berekraftig utvikling og tanken på komande generasjonar i sentrum for all politikk.

Politikk og lokaldemokrati byggjer tillit og samkjensle og former våre barns framtid – bruk stemmeretten uansett. *Godt val!*

## GRØN UTVIKLING

Miljøpartiet Dei Grøne meiner at det skal vere mogleg å leva godt og miljøvenleg som innbyggjar i Masfjorden, og at lokalsamfunnet vårt må organiserast og planleggjast slik at det blir ein viktig del av løysinga på miljøutfordringane. Me ønskjer ei ny økologisk berekraftig og framtidsretta samfunnsutvikling. MDG har fokus på livskvalitet for alle – framfor eit aukande forbruk.

### Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden vil:

- Arbeide for bygder med ein økologisk og berekraftig profil.
- Alle kommunale einingar skal verte Miljøfyrtårn og arbeide med redusert forbruk og rette miljøval i kvardagen for å spare miljø og økonomi.
- Opprette ei eiga stilling som miljøvernleiar i kommunen.
- Me ønskjer kommunestrukturdebatten velkommen, og stiller med ope sinn for å sjå kva verknad det vil ha på det som er viktig: fordeling, medkjensle, tillit, lokaldemokrati, pendling og til-/fråflytting. For å få ein god prosess vil me som inngang ha fastlagt at ingen vert oppsagde, og inga tenestestader vert nedlagde i fyrste omgang.
- Verne strandsona og vassdrag, og som hovudregel unngå dispensasjonar når dette ikkje inngår i reguleringsplanen.
- Styrke kommunalt eigarskap i NGIR og bruke eigarskapet aktivt for å styre mot meir miljøvenlege løysingar.
- Arbeide for betre kollektive løysingar og fleksible transporttilbod, og ei utvikling der flest mogleg sykklar og går til daglege gjeremål. Det er bra for miljøet, helse og god læring, og det er sosialt utjamnande.
- Ha fleire avgangar med kabelferga.
- Ikkje prioritere bru over Masfjorden med dei store kostnadene for ein lokal veg.
- At alle skulevegar i Masfjorden har fortau og sykkelstiar med tilrettelagt sikker kryssing av veg.
- Betre tilbodet om ekspressbuss til Bergen, også med tilførselsruter frå Masfjordnes og Hosteland.
- At det blir gratis å ta med sykkel på alle bussar i vårt distrikt.
- Etablere betre rutinar for brøyting av fortau, gang- og sykkelvegar.
- Leggje til rette for at deling av kjøretøy skal vere attraktivt i Masfjorden.
- Tilretteleggje for næringsareal og bustadareal på Hosteland og Matre.

# GRØN MARKNAD

Livskraftige lokalsamfunn treng livskraftig næringsliv. Miljøpartiet Dei Grøne ønskjer å leggje til rette for berekraftige og miljøvenlege arbeidsplassar i nærmiljøet. Vi ønskjer levande marknader med kortreist mat og lokale tenester, levedyktig landbruk og havbruk, og fokus på framtidsetta løysingar.

## Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden vil:

- Trekkje kommunale driftsmidlar, investeringsmidlar og pensjonsfond ut av bankar, fond og forsikring som er involvert i kull-, olje- og gassverksemd eller uetisk verksemd. Investeringar skjer i grønne fond, fornybar teknologi og grønt næringsliv.
- Avgrense offentleg låneopptak, då dette både stimulerer forbruk og legg større byrder på framtidige generasjonar.
- Unngå sal av kommunale eigedomar og selskap, unntatt når midlane vert nytta til vidare investering i tilsvarande eigedom. Til dømes byggje nye bustader ved sal av bustad.
- Arbeide med GMU for å kople vårt verdsleiande kunnskaps- og forskingsmiljø på havbruk med den nye Næringshagen på Matre til næringsutvikling mot eit meir berekraftig og dyrevenleg havbruk i Masfjorden og verda.
- Arbeide for at lokalt entreprenørskap får gode rammevilkår, støtte og stimulering.
- Erstatte ufrivillig deltid i kommunal sektor med tilbod om heiltid.
- Ikkje inngå avtalar med leverandørar og underleverandørar som nektar tariffavtale med sine tilsette.
- At kommunen stiller fleire lærlingplassar til disposisjon.

# GRØNT LAND- OG HAVBRUK

Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeide for å gjenreise eit berekraftig landbruk og havbruk basert på lokale ressursar som tryggjer arbeidsplassar, opprettheld busetjing og sikrar gode norske matvanar. Me er uroa over det store bildet der verdsproduksjon av fiskemjøl og soya i for stor grad går til å redusere proteinmengda gjennom foredling i industrielt landbruk og havbruk. Dette er ein trussel mot ei sosial fordeling i verda, mot fiskeressursane, mot regnskogen og ei berekraftig framtid.

## Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden vil:

- Auke sjølvforsyning av poteter, frukt, grønsaker, belgfrukter, mjølk, kjøt og egg i Masfjorden, og stimulere til meir økologisk landbruk.
- Arbeide for ein nullvisjon for nedbygging av matjord. Tungtvegande samfunnsinteresser eller behov på garden må vere einaste unntak.
- Påleggje bønder å ha vegetasjon mellom jorder og vassdrag for å hindre avrenning og erosjon, skape korridorar og stimulere biologisk mangfald.
- Arbeide for systematisk og auka bruk av lokale utmarksbeiteressursar.
- Leggje til rette for meir andelslandbruk og skulehagar, samt andre formar for matproduksjon.
- Oppfordre til lokal satsing på utnytting av algar og annan vegetabilsk sjømat.
- Opprette fiskerisamvirke etter modell frå landbruket, med vekt på foredling og distribusjon av lokal fersk fisk.
- Arbeide for arealavgift for havbruksnæringa.
- Arbeide for større avstand mellom havbruk og busetnad, og andre verdifulle naturområde.

# GRØNT SAMFUNN

Miljøpartiet Dei Grøne vil styrkje lokaldemokratiet, og meiner at gode offentlege tilbod må til for å sikre god livskvalitet. Vi ønskjer grunnskular i nærmiljøa, som representerer livsnerven i gode lokalsamfunn og er vesentlege for å skape trygge oppvekstvilkår som gjev lokal identitet og tilhørsle. Vi vil arbeide for eit samfunn som fremjar fysisk og psykisk helse, og vi ønskjer meir samarbeid mellom frivillige, profesjonelle og forskning for å styrkje ein aktiv førebyggjande kvardag.

## Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden vil:

- Arbeide for at Masfjorden får status som «Fairtrade»-kommune og blir medlem av «Initiativ for etisk handel».
- At kommunen allereie no fastset ambisiøse mål, slik at ein stor del av alle planlagde kommunale byggeprosjekt, både nybygg og rehabilitering, skal oppnå «nesten nullenerginivå».
- Arbeide mot innføring av e-val, som bryt med demokratiets fundamentale prinsipp om hemmelege val og er til hinder for god etterkontroll.
- Auke stønad og samarbeid med frivillige organisasjonar som er berebjelken i eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn.
- All kommunal sakshandsaming skal ha vurdering av miljøkonsekvensar, sosiale forhold, og kva økonomiske posteringar som følgjer. Og saksutgreiinga skal verte tydelegare på å ha med argument både for og mot ei sak.
- Ha handelfri på søndagar.
- Tilsetje vaktmeistrar ved alle større offentlege bygg, skular og ved sjukeheimen.
- Stimulere til etablering og nyinnflytting ved å bære dei litt på laurbær i starten.

# GRØN OPPVEKST

Barna representerer framtida, og ein god og trygg barndom for alle er ein hovudmålsetjing for Miljøpartiet Dei Grøne. Barna sine behov for tryggleik og kjærleik, samt fråvær av overgrep og forsømming, må alltid prioriterast framfor andre omsyn. Den gode skulen og barnehagen og heimen er basert på anerkjenning av barnet som sjølvstendig individ, og skal stimulere til samfunnskritisk tenking med stor vekt på praktiske ferdigheiter og erfaringar. Barna skal oppleve og tileigne seg medmenneskelegheit, toleranse, empati og ikkje-vald.

## Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden vil:

- Oppretthalde ein desentralisert skule- og barnehagestruktur.
- Auke samarbeidet mellom skulane både med elevsamarbeid, og at lærarkompetansen vert nytta effektivt på fleire skular.
- Sikre godt samarbeid mellom skule og barnehage, helsestasjon, lege, psykolog, barnevern og PP-tenesta.
- At også pårørande til barn med særskilde behov må få tilbod om hjelp.
- Støtte dei foreldra som er heime med barna, m.a. med fleksibelt barnehagetilbod.
- At skulane og barnehagane skal praktisere gjenvinning, energisparing og anna miljøarbeid, og nytte dette aktivt.
- Styrke kreative fag i skulen.
- Avgrense rapporteringskrava, og sikre at læraren vert støtta av andre yrkesgrupper med ansvar for psykososial oppfølging.
- At barn med særskilde behov har prioritet både i og etter skuletid.
- Styrkje samarbeidet heim/skule/barnehage, både individuelt, på skulenivå og mot frivillige organisasjonar.
- Vidareføre arbeidet med idrettsskule, kulturskule og MOT.


# GRØN HELSE OG OMSORG

Eit trygt og inkluderande samfunn med små økonomiske skilnader er viktig for god helse. Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden vil styrke alle førebyggjande tiltak innan helse og omsorg.

Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden vil leggje til rette for daglig mosjon i form av gåing og sykling, og for kontakt med naturen. Førebygging er betre enn rehabilitering – dette må vere det leiande prinsippet både i frivillig arbeid og i det profesjonelle helseapparatet.

## Miljøpartiet Dei grønne i Masfjorden vil:

- Leggje til rette for at eldre som er friske nok til det, kan bu heime, om dei ønskjer det.
- Leggje til rette for korttidsopphald for dei som treng plass i kortare periodar
- Sikre permanent plass på sjukeheimen for sjuke og eldre når dette er til det beste for dei.
- Avgrense talet på faste pleiarar i heimesjukepleia som kvar brukar treng å verte kjent med.
- Bruke pårørande som ein ressurs i arbeidet med pleie, rehabilitering og habilitering.
- Leggje vekt på førebyggjande helsearbeid for barn.
- Tilby sunnare, betre og meir varierte måltid på offentlege helse- og omsorgsinstitusjonar, også til allergikarar og vegetarianarar.
- Ha ein restriktiv alkohol- og ruspolitikk.
- Arbeide for konkrete tiltak for vern mot støyureining.
- Ta initiativ til at kommunen i regi av FN tek imot flyktningfamiliar, og spesielt hjelper barn.
- Motverke diskriminering ved tilsettingar, og leggje til rette for funksjonshemma.
- Imøtekome behovet for rimelege husvære for personar med særlege økonomiske utfordringar. Dette kan gjerast ved å sikre tilstrekkeleg tal på kommunale og ikkje-kommersielle utleigebustadar ved nybygging.





# GRØNE OMGJEVNADER

Miljøpartiet Dei Grøne meiner at naturen har eigenverdi utover nytteverdien for menneske, og at det er eit mål i seg sjølv å bevare mest mogleg urørt natur til framtidige generasjonar. Naturvernet er viktig for å verne ulike naturtypar, artsmangfald og av klimaomsyn. Vi skal ha som mål å kontinuerleg minske vårt økologiske fotavtrykk. Mennesket sine aktivitetar utryddar no plante-, fiske- og dyrearter i eit stort og aukande omfang.

## Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden vil:

- Auke vern av skog, våtmark, havbotn og andre artsrike biotopar i tråd med vitenskaplege anbefalingar. 15 % vern av kvar naturtype er eit minstekrav.
- Ta vare på friluftsområdet i Fensfjorden, og unngå nedbygging av randsona.
- Avvikle skotpremie på vilt.
- Betre forvaltninga av småviltjakt.
- Ha forbod mot å byggje i strandsona, og nær elver og vassdrag, utan når det inngår i ei heilskapleg vurdering i reguleringsplanen.
- Unngå fragmentering av dei få «urørte» områda i fjellet.
- Ha strenge retningslinjer for å unngå spreining av miljøgifter, framande artar eller sjukdomsskapande organismar i vatn og i naturen.
- Unngå bruk av plantegifter. Dette gjeld ikkje berre i landbruket, men også i skjøtselen av offentleg eigedom og langs offentlege vegar.
- Avvise alle søknader om pelsfarmar i kommunen.
- Sikre dei gjenverande vassdraga og bekkar mot kraftutbygging.
- Så lenge det er overskot på kraft i Noreg, og det er stort potensial for ENØK, er det ikkje nødvendig å tilføre ny kraft i marknaden, senke energiprisane og byggje ned enda meir natur.



# GRØN KULTUR OG FRILUFTSLIV

Kunst og kultur er viktig for å skape identitet. Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden er opptekne av å forvalte den profesjonelle og amatørkulturen, språket vårt, idrett og friluftslivet, matkulturen og ulike handverkstradisjonar på ein god måte. MDG ønskjer å vere pådrivarar for å synleggjere og bygge ein felles identitet, tufta på verdiane og kunnskapen som alt finst i bygdene våre.

Friluftsliv betyr både store og små opplevingar i naturen, og dei har ingen minsteterskel. Tilgjengelege og godt opparbeidde turstiar må sikre at så mange som mogleg kan ta naturen i bruk. Friluftsliv har ein påviseleg og positiv påverknad for både fysisk og psykisk helse, og er noko av det viktigaste lågterskeltilbod for fysisk aktivitet i vår kommune. Gjennom naturopplevingar utviklar vi forståing for økologisk tankesett og naturvern, og vi vert betre i stand til å sjå samanhengen mellom menneske og natur.

## Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden vil:

- Styrke Masfjorden folkebibliotek.
- Stø opp om kulturtilbod som Den kulturelle skulesekken, MOT, bokbåten og Riksteatret.
- Opprette «Den kulturelle spaserstokken».
- Styrke fritidstilbod til barn og unge ved å gje støtte til idrettslokale, kaféar, kulturaktivitetar og andre møteplassar basert på ungdommens ønskje.
- Innføre stønadsordningar for rusfrie helgetiltak og kulturtilbod for og av ungdom.
- Miljøpartiet Dei Grøne i Masfjorden meiner også at det er svært viktig å verne allemannsretten og vår felles natur.
- Vi vil føre ein streng politikk mot motorferdsel i utmark, og er sterkt imot tilrettelegging for fornøyleskøyting med snøscooter.
- Leggje til rette for meir fysisk aktivitet, både gjennom det organiserte idrettstilbodet og ved uorganisert leik og moro.
- Utbetre parkeringshøve knytt til turområde.
- Kartleggje høve for å gje fleire område vernestatus som friområde.
- Styrkje skuleprogram for trivsel og meistring i samband med friluftsliv.
- Styrkje arbeidet med turstiar gjennom dei frivillige laga. Arbeide for fylkeskommunale initiativ for turveggar, turstiar o.l. på tvers av kommunegrenser.
- Støtte arbeidet med ein fullverdig konsolidering av Bjørn West Museet inn i Museum Vest.
- Arbeide for nybygg til Bjørn West Museet og Visningsssenter for Stølsheimen.
- Hjelpe eigarar å ta vare på freda og bevaringsregulerte eigedomar.





# MILJØPARTIET DEI GRØNE MASFJORDEN KOMMUNE

mdg

Dei som står på MDGs førsteliste i Masfjorden 2015–2019 er:

1. Arne Berg, Matredal (1961) – Sjølvstendig næringsdrivande, turisme
2. Helga Nyhavn Matre, Matredal (1989) – Lærer/adjunkt
3. Magne Helge Sleire, Hosteland (1959) – Sjølvstendig næringsdrivande filmskapar og bonde
4. Maria Tveranger, Masfjordnes (1993) – Student
5. Tom Eddie Borge, Hosteland (1974) – Førskulelærer
6. Ragnhild Tveranger, Masfjordnes (1973) – Sjukepleiar
7. Ingrid Charlott Minna Nielsen, Masfjordnes (1952) – Sjølvstendig næringsdrivande fysioterapeut
8. Åshild Krige, Hosteland (1980) – Ergoterapeut

Dei tre første er kumulerte.



Ta kontakt om du vil ha meir informasjon.  
Sjå: [www.masfjorden.mdg.no](http://www.masfjorden.mdg.no) og Facebook.

MDG Masfjorden – denne faldaren  
MDG Hordaland Fylkesprogram  
[MDG Prinsippprogram](#)  
[MDG Arbeidsprogram](#)

**TENK NYTT – STEM GRØNT**